

Sogn Sparebank

Delårsrapport 3. kvartal 2021 (Kvartalsrapport)



Innhold

- Hovudtal konsern
- Styret si melding
- Delårsrekneskap Q3-2021
- Eigenkapitaloppstilling
- Kontantstraumanalyse
- Notar

Hovudtal konsern

	Delårsrekneskap ¹			
		i % av gj.sn. forv.kap.		i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTATSAMANDRAG	30.09.2021		30.09.2020	
Netto renteinntekter	82.720	1,47 %	80.401	1,54 %
Netto andre driftsinntekter	24.382	0,43 %	25.892	0,50 %
Netto avkastning finansielle investeringer	14.831	0,26 %	16.639	0,32 %
Sum driftsinntekter	121.933	2,17 %	122.931	2,36 %
Sum driftskostnader	68.328	1,21 %	73.665	1,41 %
Resultat før tap	53.605	0,95 %	49.266	0,95 %
Tap på utlån	2.383	0,04 %	16.060	0,31 %
Skattekostnad	9.823	0,17 %	5.206	0,10 %
Ordinært resultat etter skatt	41.399	0,74 %	28.000	0,54 %
Totalresultat	44.646	0,79 %	19.583	0,37 %

Nøkkeltal

NØKKELTAL	30.09.2021	30.09.2020	NØKKELTAL	30.09.2021	30.09.2020
Balansetal			Likviditet (morbank)		
Brutto utlån	5.822.289	5.668.803	LCR	209	134
Eika Boligkreditt AS	979.633	1.034.864	NSFR	143	141
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	6.801.922	6.703.667			
Innskot frå kundar	5.675.458	5.326.395	Eigenkapitalbevis (morbank)		
Innskotsdekning morbank	97,61 %	94,26 %	Avsett utbyte på eigenkapitalbevis førre år, blir utbetalt i år:	6,50	0,00
Forvaltningskapital	7.530.566	7.082.772	Bokført pr EK bevis	203,29	187,19
Lønsemd			Kurs på eigenkapitalbevis	125,00	105,00
Kostnadsprosent	58,04 %	61,97 %	Pris/bokført verdi	0,61	0,56
Eigenkapitalavkastning	5,96 %	4,04 %	Resultat pr. eigenkapitalbevis	8,85	5,73
Soliditet			Tal kontor	7	7
Kapitaldekning, morbank	22,36 %	23,14 %	Årsverk morbank	36	45,8
Kjernekapitaldekning, morbank	22,36 %	23,14 %			
Rein kjernekapitaldekning, morbank	21,27 %	21,99 %			
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	20,71 %	21,19 %			
Eigenkapitalandel	12,83 %	13,01 %			

Styret si melding

Rekneskapen for 3. kvartal 2021 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering".

Rekneskapen for tredje kvartal 2021 er ikkje revidert.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit driftsresultat før tap 53,6 mill. kroner pr. 30.09.2021.

Totalt sett har banken ei positiv forbedring i forhold til tredje kvartal 2020. Dette gjeld totalt sett for banken, og for avkastning for egenkapitalbevis.

Rekneskapen til Sogn Sparebank ber preg av sterk konkurranse og lav rentenetto i ein usikker marknad. Det er små endring i avsetting på tap utlån som følgje av covid-19 situasjonen i 3. kvartal.

Banken har pr. 30.09.2021 vinst på finansielle instrument.

Driftsresultatet etter skatt gir ein egenkapitalavkastning¹ pr. 30.09.2021 på 5,9 %.

Banken rapporterer eit totalresultatet pr. 30.09.2021 på 44,6 mill. kroner etter skatt.

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2020».

Driftsinntekter

Netto renteinntekter er kr 82,7 mill., som utgjør 1,47 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.
Pr. 30.09.2021 var andre ordinære driftsinntekter² 39,2 mill. kroner.

Driftskostnader

Pr. 30.09.2021 var driftskostnadene 68,3 mill. kroner.
Kostnadsprosenten i tredje kvartal 2021 er 58,04 %, utan fråtrekk for verdipapir

Nedskrivingar på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 30.09.2021 kostnadsført nedskrivingar på utlån og garantiar med 2,4 mill. kroner.
Tapsavsetningane er knytt til endringar i nedskrivingar som følgje av endra risiko innan fleire bransjar. Den langvarige nedstenginga som følgje av covid-19 er ein av årsakene til tapsvurderingar i bedriftsmarknaden.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Morbanken rapporterer eit driftsresultat pr. 30.09.2021 etter berekna skatt, på 41,3 mill. kroner. Dette er om lag som forventa. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. I morbank er berekna avkastning på kroner 8,8 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 30.09.2021 var kroner 125 pr. eigenkapitalbevis.

²Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2020».

Balanse

Utlån

Pr. 30.09.2021 har morbanken 5.822 mill. kroner i utlån som er ein auke på 154 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 2,7 %.

Lån til personmarknaden utgjer 4.930 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 891 mill. kroner.

I tillegg yter banken 979 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, det er på 55 mill. mindre enn same tid i fjor.

Innskot

Pr. 30.09.2021 har morbanken 5.682 mill. kroner i innskot, som er ein auke på 339 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 6,5%.

Innskot frå personmarknaden utgjer 3.796 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 1.886 mill. kroner.

Innskotsdekninga i morbank pr. 30.09.2021 er 97,6%.

Forvaltningskapital

Pr. 30.09.2021 har morbanken ein forvaltningskapital på 7.526 mill. kroner, som er ein auke på 448 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 6,3 %.

Kapitaldekning

Pr. 30.09.2021 var morbank si kapitaldekning 22,36 % mot 23,14 % høve same periode i fjor. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 21,27 % pr. 30.09.2021 mot 21,99 % pr. 30.09.2020. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje rekna med i kapitaldekninga.

Pr. 30.09.2021 gir forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Bolig-kreditt AS ei konsolidert kapitaldekning på 22,12%. Rein konsolidert kjernekapitaldekning var 20,71% pr. 30.09.2021.

Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

- Sogn Sparebank Egedomsmekling AS er 100 % eigd av banken, og marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn. Selskapet har pr. 30.09.2021 ingen tilsett. Selskapet har i tredje kvartal 2021 ikkje hatt nye oppdrag.
- Sogn Sparebank eig 65 % av ISSB eigedom AS, som eig lokala banken leiger i sentrum av Sogndal. Selskapet omsette for 0,7 mill. kroner pr. 30.09.2021, om lag det same som i fjor. Eigenkapitalen er 4,6 mill. kroner pr. 30.09.21. Selskapet har ingen tilsette pr. 30.09.2021.
- Sogn Sparebank eig 35 % av Sogn Forsikring AS som sel Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 30.09.2021 ein tilsett. Selskapet omsette for 1,33 mill. kroner pr. 30.09.2021 mot 1,24 mill. kroner pr. 30.09.2020. Overskot før skatt pr. 30.09.2021 på 279 tusen kroner, er omlag det same resultat som pr. 30.09.2020. Eigenkapitalen er 1,27 mill. kroner pr. 30.09.2021, mot 1,89 mill. kr pr. 30.09.2020.

Utsiktene framover

Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q3-2021. Banken har ein sunn finansiell struktur og tilpassa balanse. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å forenkle og effektivisere drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

God styring av risiko vil vere eit prioritert område. Sogn Sparebank legg vekt på at banken skal vere ein relevant aktør i lokalsamfunnet og ein god partner for privatkundar og verksemdar ved å vere med å stimulere til aktivitetar og verdiskaping i lokalsamfunnet, vere ein viktig bidragsytar ved å gi gåver og sponsormidlar til allmennyttige føremål.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Utbreiinga av koronaviruset har gitt betydelege konsekvensar for både norsk økonomi og verdsøkonomien. Korona-pandemien er ikkje over, og vi må ta høgde for nye smitteutbrot med tiltak og utfordringar for kundane våre.

Ved å tilby individuell rådgiving innan kreditt, sparing og plassering samt forsikring har banken som mål å finne gode og varige løysingar for kundane sine.

Årdalstangen den 27. oktober 2021

Kristine Grønner Ohnstad (s.)

Styreleiar

Arve Tokvam (s.)

Olav Vikøren (s.)

Anne Kauppi (s.)

Egon Mogens Moen (s.)

Anne Espeland (s.)

Sindre Wergeland (s.)

Marianne Sundal (s.)

Tilsettere representant

Leidulu Finden (s.)

Tilsettere representant

Mads Arnfinn Indrehus (s.)

Adm. banksjef

Delårsrekneskap Q3 - 2021

Konsern						I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT	3. kv.21	3. kv.20	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020	30.09.2021
Renteinntekter - amortisert kost	35.238	34.201	102.850	121.031	155.666	1,83 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	123	169	444	1.170	1.138	0,01 %
Rentekostnader	7.183	8.911	20.575	41.800	50.013	0,37 %
Netto renteinntekter	28.178	25.458	82.720	80.401	106.792	1,47 %
Utbyte	835	932	10.614	12.581	14.421	0,19 %
Provisjonsinntekter m.v.	7.961	7.859	24.113	22.341	33.567	0,43 %
Provisjonskostnader m.v.	1.124	922	2.637	2.723	3.813	0,05 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	1.786	2.003	4.217	4.058	6.288	0,07 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	0	11	30	150	171	0,00 %
Andre driftsinntekter	720	2.535	2.876	6.123	7.458	0,05 %
Netto andre driftsinntekter	10.178	12.416	39.214	42.531	58.091	0,70 %
Løn og personalkostnader	7.102	11.032	29.940	34.246	54.865	0,53 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.607	2.070	4.781	5.655	5.715	0,08 %
Andre driftskostnader	10.933	10.175	33.607	33.764	47.394	0,60 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	19.643	23.277	68.328	73.665	107.974	1,21 %
Tap på utlån	-1.019	1.373	2.383	16.060	18.965	0,04 %
Driftsresultat før skatt	19.733	13.224	51.223	33.206	37.943	0,91 %
Skattekostnad	4.580	2.990	9.823	5.206	4.677	0,17 %
Resultat etter skatt	15.153	10.234	41.399	28.000	33.266	0,73 %
Utvida resultat						
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat						
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	11.197	1.827	3.247	-8.417	-4.914	0,06 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat						
Utvida resultat etter skatt	11.197	1.827	3.247	-8.417	-4.914	0,06 %
Totalresultat	26.349	12.061	44.646	19.583	28.352	0,79 %

BALANSE				
Eigendelar	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020	30.09.2021
Kontantar og fordringar på sentralbankar	85.268	115.179	81.571	1,13 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	621.260	487.865	505.202	8,25 %
Utlån til og fordringar på kundar	5.793.956	5.628.825	5.754.927	76,94 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	656.521	478.674	418.001	8,72 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat	281.893	282.601	286.958	3,74 %
Investering i dotterselskap	0	0	0	0,00 %
Investering i tilknytta selskap	221	341	362	0,00 %
Varige driftsmidlar	74.051	77.081	76.967	0,98 %
Overtekne og andre eigendelar	17.397	11.822	15.637	0,23 %
Sum eigendelar	7.530.566	7.082.772	7.139.625	100 %
Gjeld og eigenkapital				
Gjeld til kredittinstitusjonar	120.790	270.688	270.987	1,60 %
Innskot frå kundar	5.675.458	5.326.395	5.374.212	75,37 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	700.513	500.450	500.456	9,30 %
Anna gjeld	67.405	63.858	64.259	0,90 %
Sum gjeld	6.564.166	6.161.391	6.209.914	87,17 %
Opptent eigenkapital	817.212	785.664	788.656	10,85 %
Innskoten eigenkapital	103.764	103.764	103.764	1,38 %
Minoritet	4.024	3.954	4.024	0,05 %
Udisponert overskot etter skatt	41.399	28.000	33.266	0,55 %
Sum eigenkapital	966.400	921.381	929.711	12,83 %
Sum gjeld og eigenkapital	7.530.566	7.082.772	7.139.625	100 %
Postar utanom balansen				
Garantiar	71.942	69.631	65.527	
Garanti Eika Boligkreditt AS	9.796	10.349	10.349	

Delårsrekneskap Q3 – 2021 morbank

Morbank						I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT	3. kv.21	3. kv.20	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020	30.09.2021
Renteinntekter - amortisert kost	35.247	34.202	102.861	121.039	155.660	1,83 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	123	169	444	1.170	1.138	0,01 %
Rentekostnader	7.183	8.911	20.575	41.800	50.012	0,37 %
Netto renteinntekter	28.187	25.459	82.731	80.409	106.787	1,47 %
Utbyte	835	932	10.614	12.581	14.421	0,19 %
Provisjonsinntekter m.v.	7.961	7.859	24.113	22.341	33.567	0,43 %
Provisjonskostnader m.v.	1.124	922	2.637	2.723	3.813	0,05 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	1.786	2.003	4.217	4.058	6.288	0,07 %
Andre driftsinntekter	673	918	2.014	2.114	2.630	0,04 %
Netto andre driftsinntekter	10.131	10.788	38.321	38.372	53.092	0,68 %
Løn og personalkostnader	7.018	10.367	29.409	32.716	52.464	0,52 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.582	2.078	4.752	5.680	5.749	0,08 %
Andre driftskostnader	10.746	9.511	33.266	32.424	45.989	0,59 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	19.346	21.956	67.427	70.820	104.202	1,20 %
Tap på utlån	-1.019	1.373	2.383	16.060	18.965	0,04 %
Driftsresultat før skatt	19.991	12.918	51.242	31.900	36.711	0,91 %
Skattekostnad	4.637	2.926	9.834	4.952	4.443	0,17 %
Resultat etter skatt	15.354	9.992	41.408	26.948	32.268	0,74 %
Utvida resultat						
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat						
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	10.597	1.827	2.647	-8.417	-4.914	0,05 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat						
Utvida resultat etter skatt	10.597	1.827	2.647	-8.417	-4.914	0,05 %
Totalresultat	25.951	11.819	44.054	18.532	27.354	0,78 %
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis	3,29	2,17	8,85	5,73	6,83	

BALANSE				
Eigendelar	30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020	30.09.2021
Kontantar og fordringar på sentralbankar	85.268	115.179	81.571	1,13 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	621.880	488.081	505.565	8,26 %
Utlån til og fordringar på kundar	5.793.956	5.628.825	5.754.927	76,98 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	656.521	478.674	418.001	8,72 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat	281.893	282.601	286.958	3,75 %
Investering i dotterselskap	7.550	8.829	8.150	0,10 %
Investering i tilknytta selskap	135	135	135	0,00 %
Varige driftsmidlar	62.189	65.638	65.090	0,83 %
Overtækne og andre eigendelar	17.033	10.058	14.250	0,23 %
Sum eigendelar	7.526.424	7.078.020	7.134.646	100 %
Gjeld og eigenkapital				
Gjeld til kredittinstitusjonar	120.170	270.472	270.624	1,60 %
Innskot frå kundar	5.682.924	5.343.541	5.389.377	75,51 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	700.513	500.450	500.456	9,31 %
Anna gjeld	61.749	46.969	49.218	0,82 %
Sum gjeld	6.565.356	6.161.431	6.209.676	87,23 %
Opptent eigenkapital	815.897	785.877	788.938	10,84 %
Innskoten eigenkapital	103.764	103.764	103.764	1,38 %
Udisponert overskot etter skatt	41.408	26.948	32.268	0,55 %
Sum eigenkapital	961.068	916.589	924.971	12,77 %
Sum gjeld og eigenkapital	7.526.424	7.078.020	7.134.646	100 %
Postar utanom balansen				
Garantiar	71.942	69.631	65.527	
Garanti Eika Boligkreditt AS	9.796	10.349	10.349	

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 30.09.2021

	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital				i 1.000 kr	
	Eigen- kapital- bevis	Eigne eigenkapital- bevis	Overkurs- fond	Fonds- obligasjon	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Minoritet	Sum eigen- kapital
Eigenkapital 01.01.2020	31.625	-673	32.812	40.000	686.653	44.954	32.874	33.823	3.830	905.894
Resultat etter skatt					25.749	4.723	2.600		194	33.266
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje								-4.914		-4.914
Totalresultat 31.12.2020	0	0	0	0	25.749	4.723	2.600	-4.914	194	28.352
Utbetalt utbyte for 2019						0				0
Utbetalt frå gåvefond							-2.496			-2.496
Renter på fondsobligasjon					-1.748	-291				-2.039
Eigenkapital 31.12.2020	31.625		32.812	40.000	710.655	49.386	32.978	28.909	4.024	929.711
Eigenkapital 01.01.2021	31.625		32.812	40.000	710.655	49.386	32.978	28.909	4.024	929.711
Resultat etter skatt					35.341	5.892			166	41.399
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat								3.247		3.247
Totalresultat 30.09.2021	0		0	0	35.341	5.892	0	3.247	166	44.646
Utbetalt utbyte for 2020						-4.024				-4.024
Utbetalt frå gåvefond							-2.600			-2.600
Renter på fondsobligasjon					-1.147	-186				-1.333
Eigenkapital 30.09.2021	31.625		32.812	40.000	744.849	51.068	30.378	32.156	4.190	966.400

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 30.09.2021

	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital				i 1.000 kr	
	Eigen- kapital- bevis	Eigne eigenkapital- bevis	Overkurs- fond	Fonds- obligasjon	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Sum eigen- kapital	
Eigenkapital 01.01.2020	31.625	-673	32.812	40.000	685.127	44.352	32.874	36.034	0	902.152
Resultat etter skatt					25.060	4.608	2.600			32.268
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat								-4.914		-4.914
Totalresultat 31.12.2020	0	0	0	0	25.060	4.608	2.600	-4.914	0	27.354
Utbetalt utbytte for 2019						0				0
Utbetalt frå gåvefond							-2.496			-2.496
Renter på fondsobligasjon				0	-1.748	-291				-2.039
Eigenkapital 31.12.2020	31.625	-673	32.812	40.000	708.440	48.669	32.978	31.120	0	924.971
Eigenkapital 01.01.2021	31.625	-673	32.812	40.000	708.440	48.669	32.978	31.120	0	924.971
Resultat etter skatt					35.490	5.917			0	41.408
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat								2.647		2.647
Totalresultat 30.09.2021	0	0	0	0	35.490	5.917	0	2.647	0	44.054
Utbetalt utbytte for 2020						-4.024				-4.024
Utbetalt frå gåvefond							-2.600			-2.600
Renter på fondsobligasjon				0	-1.147	-186				-1.333
Eigenkapital 30.09.2021	31.625	-673	32.812	40.000	742.783	50.376	30.378	33.767	0	961.068,4

Kontantstraumanalyse

Morbank

Konsern

31.12.2020	30.09.2020	30.09.2021		30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
			Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar			
-360.575	-231.567	-41.412	Netto utbetaling av utlån til kundar	-41.412	-231.567	-360.575
153.395	119.236	102.271	Renteinnbetalingar på utlån til kundar	102.271	119.236	153.395
0	0	-2.700	Overtækne eigendelar	-2.700	0	0
268.546	222.710	293.546	Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	293.546	222.710	268.546
-39.164	-32.571	-15.200	Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-15.188	-32.571	-39.152
-20.646	-20.798	-207	Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar	-817	-21.408	-21.256
-1.753	-1.423	-450	Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	-443	-1.423	-1.746
13.163	8.148	10.104	Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	10.104	8.148	13.163
1.338	1.170	444	Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	444	1.170	1.338
29.753	19.619	21.476	Netto provisjonsinnbetalingar	21.476	19.619	29.753
-231.432	-228.728	321	Innbetaling frå sal av kortsiktige investeringar i aksjar	321	-228.728	-231.432
156.571	75.382	-248.760	Utbetaling ved kjøp av kortsiktige investeringar i aksjar	-248.760	75.382	156.571
-85.501	-28.925	-44.183	Utbetalingar til drift	-43.633	-27.757	-84.464
-1.750	-3.248	-9.834	Betalt skatt	-10.050	-3.429	-1.966
-2.496	-2.496	-2.600	Utbetalte gåver av overskot	-2.600	-2.496	-2.496
-120.548	-103.492	62.817	A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	62.560	-103.115	-120.318
			Kontantstraumar frå investeringar			
-1.182	-1.085	-1.851	Investering i varige driftsmidler	-1.851	-1.085	-1.182
576	0	0	Innbetaling frå sal av varige driftsmidler	0	0	576
0	0	0	Langsiktige investeringar i aksjar	0	0	0
8.722	8.743	8.311	Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar	8.311	8.743	8.722
14.420	12.581	10.614	Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar	10.614	12.581	14.420
0	0	0	Netto utbetaling ved investering i dotterselskap	0	0	0
22.536	20.239	17.074	B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	17.074	20.239	22.536

i 1.000 kr

Morbank				Konsern		
31.12.2020	30.06.2020	30.06.2021		30.06.2021	30.06.2020	31.12.2020
			Kontantstraumar frå finansiering			
199.785	199.785	199.850	Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	199.850	199.785	199.785
-100.254	-100.254	0	Tilbakebetaling av utsteda av verdipapir	0	-100.254	-100.254
-7.030	-6.104	-4.127	Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-4.127	-6.104	-7.030
190.000	190.000	0	Opptak av lån til kredittinstitusjonar	0	190.000	190.000
-100.000	-100.000	-150.247	Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-150.247	-100.000	-100.000
-2.039	-1.599	-1.333	Utbyte fondsobligasjon	-1.333	-1.599	-2.039
0	0	0	Tilbakebetaling av ansvarleg lånekapital	0	0	0
0	0	0	Renteutbetalingar på ansvarleg lånekapital	0	0	0
0	0	-4.024	Utbyte til eigenkapitalbeviseigarane	-4.024	0	0
180.462	181.828	40.120	C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	40.120	181.828	180.462
82.451	98.575	120.011	A + B + C Netto endring likvidar i perioden	119.754	98.952	82.681
504.685	504.685	587.136	Likviditetsbeholdning ved starten av perioden	586.773	504.092	504.092
587.136	603.260	707.147	Likviditetsbeholdning ved slutten av perioden	706.527	603.044	586.773
			Likvidetsbeholdning spesifisert:			
81.571	115.179	85.268	Kontantar og fordringar på Noregs Bank	85.268	115.179	81.571
505.565	488.081	621.880	Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	621.260	487.865	505.202
587.136	603.260	707.147	Likviditetsbeholdning	706.527	603.044	586.773

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01.2021 til 30.09.2021. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innreknar dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS i konsernrekneskapet.

Rekneskapen for 3.kvartal 2021 vart vedteke av styret 27. oktober 2021.

2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til konsernet Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank for 2020, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevisе vurderingar i samband med nedskrivingar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9-nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt.

Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i rapporten årsmelding og rekneskap for 2020 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslette gitt som konsekvens av covid-19 situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearcemarkering eller overgang til steg 2.

Både betydeleg uvisse knytt til estimata, og det at situasjonen med covid-19 epidemien oppstod nær kvartalsavslutninga, fører til at det er nødvendig å nytte vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivingane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken finn seg i, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane per bransje. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er reduksjon med 0,7 mill. hiå. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført i samband med covid-19 situasjonen til dømes for permitterte, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivingar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 12,2 mill. hiå. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

Verkeleg verdi over finansielle instrument

Det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3, sjå note 8.

3. Konsern og tilknytt selskap

3.1. Konsern - Goodwill

Sogn Sparebank har ikkje bokført Goodwill pr. 30.09.2021.

4 Transaksjonar med nærstående partar

4.1. Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsmeklingsføretak.

Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS har ikkje hatt nye oppdrag etter 31.03.2021. I konsernrekneskapet er bankinnskott eliminert med 4 mill. kroner.

4.2 ISSB Eigedom AS

ISSB Eigedom AS er eit 65 % eigd dotterselskap, og er eit reint eigedomsføretak.

Banken har inngått leigekontrakt med ISSB Eigedom AS om leige av lokale i Sogndal. Pr. 30.09.2021 har banken kostnadsført 735 tusen. kroner i husleige.

5 Innskot frå kundar

i 1.000 kr.

Morbank				Konsern		
31.12.2020	30.09.2020	30.09.2021		30.09.2021	30.09.2020	31.12.2020
3.665.559	3.661.223	3.796.340	Lønstakarar	3.796.340	3.661.223	3.665.559
130.112	119.692	138.097	Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	138.097	119.692	130.112
85.153	83.772	71.763	Industri	71.763	83.772	85.153
137.145	113.793	114.519	Bygg og anlegg	114.519	113.793	137.145
305.966	350.050	318.490	Handel, hotell, transport, tenester	318.490	350.050	305.966
